



## FEDJE KOMMUNE

### AVTALE MELLOM FEDJE KOMMUNE OG MELAND KOMMUNE KJØP AV GJESTEPLASSAR VED FEDJE SJUKEHEIM

*Avtalen gjeld kjøp av plass i institusjon ved Fedje sjukeheim for innbyggjarar i Meland kommune som har vedtak om institusjonsplass heimla i Lov om kommunale helse og omsorgstjenester § 3-2 pkt. 6.*

**1. Ansvarsfordeling:**

Meland kommune fattar enkeltvedtak om plass, og bestemmer lengda på opphaldet. Brukar vert orientert om at det er kjøpt plass til vedkomande ved Fedje Sjukeheim.

Fedje kommune tilbyr plass som samsvarer med Meland kommune sitt vedtak. Dersom brukar har spesielle behov må dette avklarast med Fedje kommune på førehand. Kopi av vedtak, sjukepleierapport, epikrise og medisinsliste skal sendast til Fedje før gjesteopphaldet tek til.

**2. Tal plassar:** Avtalen gjeld kjøp av 1 plass.

**3. Avtaleperiode:**

Avtalen gjeld i perioden f.o.m. 21.04.2017 t.o.m. 20.06.2017

**4. Oppgjær:**

Pris pr. døger er kr. 2.200,- pr. plass.

I denne prisen inngår dei tenester som er omfatta av § 7 i "Forskrift for vederlag for opphold på institusjon m.v. av 25.april 1995", med dei unntak som går fram av pkt 5 i denne avtalen.

Fedje kommune sender faktura etterskotsvis kvar måned.

**5. Ikkje med i prisen:**

- a. Tannbehandling som ikkje vert dekkja av Folketrygda.
- b. Fotpleie og frisør.
- c. Praktisk og økonomisk ansvar i samband med innskriving og utskrivning av institusjon ligg hjå Meland kommune.
- d. Utgifter til transport og fylje til undersøking og behandling utanfor institusjonen.
- e. Utgifter til medisinsk behandling som går ut over gjennomsnittleg forbruk for ein sjukeheimspasient i regionen.

**6. Utskriving:** Dersom lengda på opphaldet ikkje er fastsett ved innskriving, skal varsel om utskrivning gjevast til institusjonen 1 veke før utskrivingsdato.



## FEDJE KOMMUNE

7. **Anna:**

Hjelpemiddel og anna personleg utstyr som pasienten har bruk for skal fylja vedkommande ved innskriving. Det er ynskjeleg at klede vert merka og at pasienten har oversikt over eigendelar som er med ved innskriving.

Avtalen er skriven i 2 eksemplar. Partane har kvar sitt.

**For Meland kommune**

Meland, 9/6-17.

Britt Romarhuus  
For Meland kommune

**For Fedje kommune**

Fedje, 6.6.2017

Grete A. Herøy  
For Fedje kommune